



INFORMASJON FRÅ SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

# Ny renovasjonsordning frå 9. april



SIM



# Gjer deg klar for ny renovasjonsordning

Frå 9. april vert det innført ny renovasjonsordning i SIM- kommunane. Den nye ordninga gjer at du får henta restavfallet ditt annakvar veke, i tillegg innfører me henteordning for plastemballasje.

Målet vårt er å leggja til rette for ei avfallshandtering som er til det beste for miljøet, renovatøren og abonnenten. Den nye ordninga krev mindre køyring og dermed mindre utslepp. Fleire renovasjonsbilar med to kammer fører

til at fleire typar avfall vert henta samstundes. Sidelastar med løftearm gjer arbeidsmiljøet betre for renovatøren. Abonnentane får eit betre tilbod med oftare henting og henting av fleire fraksjonar.

## På tømmedagen

For å gjera innsamlinga så smidig som mogleg, er det viktig at dunkane vert

sett rett veg på tømmedagen. Dunkane skal setjast fram med opninga (loket) mot vegen.

For å få flyt i tømminga krevst det litt plass rundt dunkane. Det er derfor viktig at dei ikkje står for nær eventuelle gjerde, bilar eller avfallsskur/stativ.

*Sjå elles siste side.*

## Har du spørsmål om ordninga?

Kontakt oss gjerne dersom du har ris, ros eller forslag til justeringar som kan gjera renovasjonsordninga endå betre.

Telefon 53 45 78 50  
eller [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)



*Sidelastar med to kammer (rest + bio).*




*Baklastar med to kammer (papir + plast).*

## Slik vert den nye ordninga:



SIDELASTAR  
MED TO KAMMER



### Annakvar veke:

Henting av restavfall + bioavfall,  
same dag




BAKLASTAR  
MED TO KAMMER



### Kvar fjerde veke:

Henting av papiravfall + plastemballasje (i sekk),  
same dag



## Kva gjer du når det minkar på plastemballasjesekkane?

Du får ny sekk for plastemballasje ved å henge/knyte ein tom sekk på papirdunken.

Du kan òg hente nye sekkar på næraste miljøsentral.

Sjå elles ny tømme kalender for din kommune.

# Endring i tømmedagar

Dei fleste av våre abonnenter vil ha same tømmedag som før, men den nye renovasjonsordninga vil føra til endra tømmedag for nokre (markert med gult).

## AUSTEVOLL

### Måndag

Stora Kalsøy–Hundvåko–Storebø (sør for Birkelandskryss–Eidsbøen)

### Tysdag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Stolmen–Selbjørn–Bekkjarvik–Husavik–Vik-krysset– Kolbeinsvik–Drøno– Porsdalen

### Onsdag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Hufthamar–Birkeland –rundkøyring v/ Eidsbøen–Haukanes–Sandvik–Husavik

## BØMLØ:

### Måndag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Folderøyhamn–Brotaneset–Ekornsæter–Innvær–Rubbestadneset–Aga–Rolfsnes–Hollundsaldalen–Urangsvåg–Goddo–Brandasund

### Tysdag

Bremnes (sentrum)–Laurhammer–Sjøvoll–Økland–Nesse–Meling–Stavland–Hiskjo

### Onsdag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Meland–Alvsvåg–Fylkesnes–Gilje–Erslund–Håvik (ytre)–Grønnevik–Oldereid–Håvik (ytre)–Sakseid–Finnås–Børøy–Våge–Lykling–Langevåg

### Fredag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Spissøy–Siggarvåg–Moster–Håvik (indre)

## FITJAR:

### Onsdag

Dåfjorden–Koløyholmen–Helland–Vestbøstad–Fitjar sentrum–Vik–Eide–Sandvikvåg–Tveit (Osternes)–Rydland

## KVINNHHERAD

### Måndag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Neslia (sør)–Rosendal–Åkra–Matre–Dimmelsvik til og med Korsneset

### Tysdag

Uskedalen–hovudveg forbi Husnes og Sunde–fram til og med Utåker

### Onsdag

Halsnøy

### Torsdag

Røsslandslia–Husnes–Kaldestad–Grønstøl–Røyrvik–til og med Sunde gamle skule

### Fredag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Våge–Bjelland–Sunde til kryss ved YX-stasjonen

Løfallstrand–Mauranger–Gjetningsdalen–Hatlestrand–Ølve–Stussvik

## STORD:

### Måndag

Stord kyrkje–Hystad–Haga–Tysemarkjo–Rommetveit–Grov–Mehammer–Huglo

### Tysdag

Storhaug byggjefelt–frå Stord kyrkje–Leirvik sentrum–Skotaberg–Lønning–Studalen–Saghaugen

### Torsdag

Bjelland–Kårevik–Heiane–Skjersholmane–Horneland–Hiljesgjerde–Valvatna–Sætravikjo–Føyno

## Fredag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Fjellgardane–Ådland–Litlabø–Nysæter–Vikanes–Stokken–Flyplassen–sentrum–Sagvåg–Podlen–Almås–Tjødnalio

## SVEIO:

### Onsdag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Bjelland–golfbanen/Sveio sentrum–Sveioåsen–Fjellstad–Krossleite–Ekrene–Søre Våge

### Torsdag

(OBS: Ny tømmedag for abonnentar i dette området)

Hanaleite–Rød–Krysset Rød – Åsbu/Emberland–Auklandshamn–Buavåg–Norskog/Eltravåg–Mølstrevåg–Straumen–Vikse

## Fredag

Valevåg–Tittelsnes–Straumøy–Liareid–Staupe–Førde–Haukås–Hinderlid–Lid–Apeland–Erve–Kvalvåg–Fjon–Eilerås

## TYSNES:

### Torsdag

Hodnanes–Flatråker–Kåstad–Uggdal–Våge–Godøysund–Reksteren–Beltestad –Søreide–Neshavn

## Fredag

Hodnanes–Skorpo–Nymark–Lunde/Lukksund–Gåsavik–krysset–Uggdal v/kryss til Onarhem–Onarheim kyrkje

**SENDAR:**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmogvegen 219  
N-5419 Fitjar

**OFFENTLEG INFORMASJON**

# Nokre enkle hugserreglar

**Spørsmål?  
Kontakt oss!**

Telefon  
53 45 78 50

E-post  
sim@sim.as



Køyr dunken fram på tømmedagen. Hugs at dunken må ut til kl. 06.00. Hugs å ta dunken heim att etter tømming.



Pass på at dunken står rett veg. Sjå til at opninga vender ut mot vegen slik at løftearmen får tak i dunken.



Dei nye bosbilane vil henta *restavfall* + *bioavfall* annakvar veke. Hugs å setja ut begge dunkane tømmedagen.



Dei nye bosbilane vil henta *papiravfall* + *plastemballasje* kvar fjerde veke. Hugs å setja ut dunk + plastsekk på tømmedagen.



Dunken må ikke vera overfylt. Loket må liggja heilt igjen.



Det er fint om rest- og bioavfallsdunkar er oppstilt gruppevis.



Du får ny sekk for plastemballasje ved å henge/knyte ein tom sekk på papirdunken.

Du kan òg hente nye sekkar på næraste miljøsentral.

Meir informasjon:  
[www.sim.as](http://www.sim.as)

## OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

**AUSTEVOLL, PORSDALEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**BØMLO, HOLLUNSDALEN**

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

**FITJAR, SVARTASMÅGET**

Måndag kl. 10.00-18.00

**KVINNERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE**

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**STORD, HEIANE MILJØSENTRAL**

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

**SVEIO, SVEIÅSEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

**TYSNES, EREDALEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmogvegen 219  
N-5417 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as

**SIM**